

Til Klima og Miljødepartementet

postmottak@kld.dep.no

HØYRINGSUTTALE FRÅ HARDANGERVIDDATUNNLENE AS TIL

TILTAKSPLANPLANAR FOR VILLREINEN I HARDANGERVIDDA , SETESDAL RYFYLKE OG SETESDAL AUSTHEI VILLREINOMRÅDER.

Hardangerviddatunnelene as har vurdert Tiltakspakkar i Del 2 der det står:

2.2 Tiltak for å sikre vinterbeiter på nord- og østvidda 2.2.1 Innledning Tiltakspakke 6 inneholder tiltak med stor betydning for spesielt tiltakspakke 8, men også for tiltakspakke 5 og tiltakspakke 7. Målet er å bedre villreinens tilgang til de naturgitte vinterbeiter på nord- og østvidda. Villreinen er sårbar for menneskelige forstyrrelser i vintersesongen. For å bedre tilstanden må omfanget av forstyrrelser begrenses og kanaliseres. Riksvei 7 er en tilnærmet fullstendig barriere for villreintrekk mot tidligere beiteområder nord for veien. Disse områdene gikk ut av bruk da Rv7 ble vinterbrøytet på 1990-tallet. Trafikk på og ut fra Rv7 fører til at villreinen unnviker arealene opptil 10 km fra veien. Regjeringen vil gjenoppta prosjektet med midlertid vinterstengt riksvei 7 over Hardangervidda når det er kontroll med skrantesjuka i Nordfjella og på Hardangervidda.

Hardangerviddatunnelene tillet seg med dette å koma med følgjande konkrete innspel til tiltakspakkane:

1. Forslag til endra tiltak 42:

«Redusere/regulere innfallsporten til Hardangervidda sommer- og vinterstid ved å bygge Dyranuttunnelene på Rv 7»

2. Forslag til nytt tiltak 58:

«Gjenåpne tradisjonelle trekkruter over Rv 7 til mellom sør og nord ved å bygge tunneler på Hardangervidda. Starte med Dyranuttunnelen og stenge nåværende veg fra øst mellom Skulevika og Tråastølen samt regulere vinter- og sommertrafikken mellom Tråastølen og Krossdalen.»

Grunngjeving:

« Riksveg 7 Hardangervidda er den kortaste og tredje mest brukte fjellovergangen mellom Vestlandet og Austlandet og trafikken har dobla seg frå 2013 til 2024 med Årsdøgnsrafikk på 2000 køyretøy pr dag og sommardøgnsrafikk på 5000 kløyretøy.

Riksveg 7 Hardangervidda er vedtatt av Stortinget som ein hovedveg aust-vest for persontransport og reiseliv og har status som Turistveg av Statens Vegesen. Erfaringa med midlertidig vinterstenging av Rv 7 når villreinen nærmar seg, har vore prøvt og vist seg å ikkje fungera. Brøytekantane er for høge. Kostnadane og konsekvensane med oppattbrøyting er store.

Beiteområda nord for Rv 7 på Hardangervidda er 20 % av det tradisjonelle beiteområdet til Hardangerviddareinen og har vore ubrukt i fleire villreingenerasjonar. Dette beiteområdet var viktig vinterbeite reinsflokkane og nødvendig sommar/haustbeite for reinsbukkane. Mattilgangen og klimaet ved Hardangerjøkulen

om sommaren har vore svært viktig for opparbeiding av «haldet» til reinsbukkane før brunst, paring og komande vinter. Med varmare klima i framtida vert dette kjølerommet endå viktigare.

Over Rv 7 Hardangervidda var det mange tradisjonelle trekkruiter for villreinen. Dei viktigaste rutene er mellom Krossdalen og Halne. Desse ruten må gjenopnast som del av tiltaksplanen for villreinen på Hardangervidda. Det gjer ein best med å byggja tunnelar i området: Dyranyttunnelen og Lågahætunnelen. Noverande opne trase kan delvis stengjast. Villparkering forsvinn. Sommar- og vinterkiting forsvinn. Tinnhølvvegen vert regulert. Turiststraumen mot villreinområda vert avgrensa.

Å byggja tunnelar på Hardangervidda i tråd med KVU for Rv 7 Hardangervidda konsept 2, gir villreien tilbake naturleg og nødvendig areal mellom Rv 7 og Hardangerjøkulen. Å strengt regulera trafikken på noverande Rv 7 reduserer uønska menneskleg aktivitet inn i villreinområda. Best effekt for villrein og trafikantar er å starta med K2 Redusert som er Dyranyttunnelen.»